

# Økland er ny dagleg leiar for Kystsoegeveke

Kjell Magnus Økland kom i oktober ut med stor bok om Norges nasjonalbåt, oselvaren. No er han tilsett som ny dagleg leiar i Stiftinga Kystsoegevekene.

**JOSTEIN HALLAND**  
jostein@osogfusa.no

Det var også Økland som skreiv nominasjonsframlegget som fekk bygging og bruk av oselvaren inn på UNESCOs kulturarvsliste i desember.

- Med sin bakgrunn og sitt nettverk er han rette mann for Kystsoegevekene, uttalar styreleiar i stiftinga, Børge Haugetun i ei pressemelding.

Kjell Magnus Økland er oppvaksen på Tysnes og har brei røynsle frå kulturarbeid. Han har vore særleg aktiv i seglsporten og har mellom anna site i styre og stell kring oselvaren i organisasjonar som Båtlaget Njord/Tysnes, Oselvarklubben, BSI/Seiling, Hordaland Seilkrets, Ran Seilforening, Shetland Race og Forbundet Kysten.

- Han har tidlegare arbeidd som journalist og lærar og har drive seglopplæring, arrangert regattaer for både joller, ein-typebåtar, havkappsegling og kapproing. Vidare er han ein aktiv regattaseglar, skribent, fotograf og foredragshaldar der han gjerne formidlar maritime tema,



Kjell Magnus Økland er oppvaksen på Tysnes og har brei røynsle frå kulturarbeid. Han har vore særleg aktiv i seglsporten og har mellom anna site i styre og stell kring oselvaren i organisasjonar som Båtlaget Njord/Tysnes og Oselvarklubben.

heiter det i pressemeldinga.

Kystsoegevekene finn stad kvart år i august og september

og er eit samarbeid mellom 22 kommunar i Hordaland og Gulen kommune og Hordaland Fyl-

keskommune. Bak dei ulike arrangementa står ei stor gruppe lokale eldsjeler som er opptekne

av eigenart og tradisjonar.

Økland tok til i stillinga 9. januar.

## Inviterer til Harry Potter-dag i biblioteket

Fusa folkebibliotek inviterer i dag til Harry Potter-dag der unge Potter-vener både kan leita etter malacruksane, kle seg ut i kostyme frå Potter-universet og ta del i huscup.

**JOSTEIN HALLAND**  
jostein@osogfusa.no

Harry Potter er fyrst ut i vårprogrammet til biblioteket, sidan vert det både lokal poesi, musikk, lyrikk og føredrag.

Torsdagsakademiet opnar vårprogrammet med ein poesikveld 26. januar med tittelen «Lysande ord i mørket». Her får publikum møta to lokale lyrikarar, Tove Rolland og

Ingvar Nistad. Tove Rolland er aktuell med ny bok «Mellom sol og skygge», som kom i haust. Då får dei framømte også høve til å sjå illustrasjonane til boka, laga av Heidi Skår Dale. Idar Rolland bidreg med musikalske innslag og programmet vert leia av Terje Raunsgard.

16. februar vitjar Tom Roger Aadland Torsdagakademiet og spelar Dylan "Blondt i blondt", medan Kjell Magnus Økland 23. mars kaserer om boka «Oselvar - den levande båten».

Harry Potter er fyrst ut i vårprogrammet til biblioteket, sidan vert det både lokal poesi, musikk, lyrikk og føredrag.

